



Øktaredalstind har ofte ein imponerende snøskavl. (Foto: Kvinnherad turlag)

- Bli med på eit av "vårens vakraste eventyr", bli med på den tradisjonelle turen til toppen av Ulvanåso søndag 30. mars. Slik lyder appellen frå Kvinnherad turlag. Svein Bergseth (920 54 676) er kontaktperson.

Turen startar frå Ternebu i Tveitedalen og går innover lysløypetraseen på austsida av Bakkastølsvatnet. Deretter går ein langs ein skogsveg og vidare på god sti opp til Dyrrindo som ligg rundt 500 meter over havet. Herifrå kan ein nyta utsikten over Tveitedalen og Skåneviksfjorden,

Etter rasten i stølsveggen må ein tåla eit bratt stykke men så går det vidare med jamn stigning opp til topp-plataet. Varden på Ulvanåso ligg på 1247 meter over havet og blir og kalla Kapuso som tyder munkehette. Øktaredalstind har ofte ein imponerende snøskavl og der er det klokt å halda seg på god avstand frå brotkanten. Men ein tur fram mot kanten gjev eit imponerende utsyn mot dei øvste gardane i Uskedalen, omtrent 900 meter under.

Normal gangtid til toppen er omkring tre og ein halv time men til gjengjeld får ein oppleve ein av dei finaste toppane i kommunen med eit fantastisk utsyn mot havet i vest, Hardangerfjorden i nord, Folgefonna i aust og Haugalandet i sør. Er ein heldig med skiføret, kan ein i tillegg nytta eit sugande renn ned att mot Dyrrindo.

Av Ola Matti Mathisen